

Lindås kommune  
Teknisk Drift  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 8016-B01\_2  
Bergen, 29.06.2017

## ORION PROSJEKT AS. LINDÅS. LANGHEIANE BUSTADFELT B8. VVA-ANLEGG. SØKNAD OM GODKJENNING AV TEKNISKE PLANAR.

På vegne av tiltakshavar Orion Prosjekt AS søker me med dette om godkjenning av tekniske planar for veg-, vass- og avlaupsanlegg for nytt bustadfelt på Langheiane etter godkjent reguleringsplan 1263-201602 – Langheiane B8 og B9.

Tiltaket omfattar:

- Bygging av nytt kryss mot Lonsvegen med svingradius  $R=6m$  og ny tilkomstveg inn i feltet med bredde 6m og fortau med bredde 1,5m.
- Køyrbare gangvegar etablerast med bredde 3m.
- Parkeringskjellar under bygg B2. Samt 10 biloppstillingsplassar langs tilkomstveg.
- Bygging av fortau langs Lonsvegen med breidde 2,5m (mellom avkøyrse til felt B8 og B9).
- Kryssingspunkt over Lonsvegen med nedsenka fortauskant for mjuke trafikantar.
- Tilkopling av ny  $\varnothing 160mm$  vassleidning i kommunal vasskum i Lonsvegen (sjå kum Eks V på teikning GH01 – VA-plan).
- Tilkopling av ny  $\varnothing 160mm$  spillvassleidning i kommunal spillvasskum i Lonsvegen (sjå kum Eks S på teikning GH01 – VA-plan).
- Eksisterande vass-, overvass- og spillvassleidning blir fjerna og erstatta av nye leidningar.
- Fordrøyningsmagasin som blir utført som  $\varnothing 1600mm$  betong rør med utløp til eksisterande bekk. Sjå vedlagt dimensjonering for fordrøyningsmagasin.
- Omlegging av bekk/vassdrag som kryssar tomte. Det skal etablerast ein bekk på austsida av bustadfeltet. For å hindre at vatn frå bekk renner inn i bustadområdet skal bekk byggjast etter normalprofil og overbygning på teikning F01. I tillegg skal det etablerast veller mellom bustadfelt og bekk.

Me søkjer om at følgjande leidningar blir overtatt av kommunen til drift og vedlikehald:

- Vassleidning frå tilkoplingspunkt i kommunal vasskum (Eks V) til kum V1 –  $\varnothing 160mm$  PE 100 SDR11.
- Spillvassleidning frå tilkoplingspunkt i kommunal spillvasskum (Eks S) til kum S2 –  $\varnothing 160mm$  PVC SN8.


For å sikra god brannvassdekning skal det etablerast sløkkjevassuttak i vasskum V1. Det vil då vera om lag 100 meter frå kvar bustad til næraste brannvassuttak. I tillegg skal det monterast sprinkelanlegg i bygg B2.

Vedlagte tekniske planar sendes over for godkjenning.

Spørsmål om søknaden kan rettes til undertekna på tlf. 48 11 89 96 eller e-post  
belinda@haugen-vva.no.

Me vonar ei positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Belinda Nesbjørg

Vedlegg:

Teikningar etter teikningsliste

Dimensjonering fordrøyningsmagasin

Kopi av brev og vedlegg:

Orion Prosjekt AS v/ Kurt Henning Oppedal